

# Kinnaspelet



21. og 22. juni 2025

Songen ved det store djup

  
KINNA  
SPELET

  
TEATER  
VESTLAND

## VELKOMMEN TIL TEATERET VED HAVET!

Ope hav og høg himmel, Kinnaklova og ei gammal steinkyrkje er det som møter deg når du kjem til Kinn. Teaterstykket «Songen ved det store djup» handlar om då danskekongen sin fut kjem til Kinn i 1537 og gjer kjent at pavekyrkja si tid er forbi. Kongen eig no alt kyrkjegods, og ein ny luthersk prest skal setjast inn. Ingen lett bodskap å selje inn hos bygdefolket på Kinn. Dei er i gang med feiringa av Seljumannamesse, og publikum får no bli med tilbake til 900-talet og bygdefolket sitt «lille kirkespill» om prinsesse Sunniva frå Irland som rømmer frå vikingkongen Ramn. Med følgjet sitt legg ho ut på havet og let vind og havstraumar råde. Båtane kjem frå kvarandre, og båten med søstera Borni driv i land på Kinn. Etter legenda er det ho som fekk byggd kyrkja på Kinn.

Skodespelarar, kor og orkester, profesjonelle og amatørar fortel denne historia. Med storhavet, Kinnakyrkja og Kinnaklova som scenebilde blir dette ei unik oppleving.

FRAMSYNING  
LAURDAG 21. JUNI  
KI 13.00

FRAMSYNING  
LAURDAG 21. JUNI  
KI 16.30

FRAMSYNING  
SØNDAG 22. JUNI  
KI 15.00

## KINNAKYRKJA

Den vakre Kinnakyrkja er ei av dei eldste steinkyrkjene i Norge. Plasseringa i einsemnda på ei øy langt vest i havet er heilt spesielt. Det same er kyrkjekunsten, ikkje minst det unike lektoriet frå 1200-talet. Gåtene rundt kyrkja er mange, ikkje minst kvifor ei så rikt utsmykka kyrkje ligg så ein-samt til. Svar på nokre av gåtene kan ein finne i boka «Kinnakyrkja - lengst vest i havet» (2023)

Kyrkja vil vere open for publikum, sjå programmet for tidspunkt. Her er elles open kyrkje om sommaren, og både turistar og pilegrimar kjem for å oppleve kyrkja på Kinn. I 2024 var det 3100 besøkande. Open kyrkje startar 23. juni og held fram ut august.



# PROGRAM

## LAURDAG 21. JUNI

- Kl. 10.30: Turar på Kinn med turleiar
- Kl. 11.30: Open kyrkje. Omvising
- Kl. 13.00: «Songen ved det store djup»
- Kl. 13.00: Avreise Florø til tur med Barnas Turlag
- Kl. 15.00: «Kinnakyrkja og øya Kinn» foredrag i kyrkja
- Kl. 16.30: «Songen ved det store djup»
- Kl. 18.00: Open kyrkje. Omvising
- Kl. 18.30: Kveldsbøn

## SØNDAG 22. JUNI

- Kl. 10.30: Turar på Kinn med turleiar
- Kl. 11.00: Gudsteneste
- Kl. 12.00: Omvising i Kinnakyrkja
- Kl. 12.00: Vikingaktivitetar begynner
- Kl. 13.30: Konsert
- Kl. 13.30: Historia til Kinn
- Kl. 15.00: «Songen ved det store djup»
- Kl. 16.30: Open kyrkje, omvising
- Kl. 17.00: Kveldsbøn

## AKTIVITETAR PÅ KINN

**Open kyrkje** med omvising.

**Om Kinnakyrkja og øya Kinn**, foredrag i kyrkja laurdag.

**Familietur** rundt Kinn i samarbeid med Barnas Turlag laurdag. Du kjøper billett til 2. framsyning og det er avreise frå Florø kl. 13.00. På Kinn møter du turleiarar frå Barnas Turlag.

**Gudsteneste søndag** ved prost Knut Magne Nesse og sokneprest i Kinn, Erling Bakke Nydal. Kinn kyrkjekor deltar.

**Vikingaktivitetar** for familiar søndag. Ein kan skyte med pil og boge, kaste med øks, spikke, male korn på kvernstein og steike brød i steinomn.

**Historia til Kinn** får du høyre om søndag. Dette er ute på ein knaus rett vest for kyrkja. Sjå etter skilt ved det raude huset ved inngangen til kyrkjeområdet.

**Konsert søndag** med damekoret «Fryd» og solistane Laila B. Førde og Raimond Hoclas. Dei framfører korverket «Magnifique» av Ellen Andrea Wang. Dirigent Jorunn Bakke Nydal.

**Kveldsbøn** kvar dag.

**Kunstutstilling** av bilda til kunstnaren Harald Seim. Atelieret hans finn du rett opp for kaia. Sjå etter skilt. Her vil du og kunne kjøpe skinn av gammalnorsk spelsau.

**Turar med turleiar.** Begge dagar blir det tur rundt øya, evt Kinnaklova/Søre Stauren med Flora turlag. Start ovenfor kaia på Kinn kl. 10.30.

**Turar på eiga hand** er det lagt godt til rette for, her er skilta turstiar. Aktuelle turar er rundt øya, tur på Kinnafjellet, tur i Kinnaklova eller på Søre Stauren. Sjå UT.no for turforslag med lengde og vanskegrad.

**Sal av mat, drikke, suvenirar og bøker** knytt til Kinn og Kinnaspelet vil du finne i kiosketletet ved kyrkja. Du kan bruke Vipps og kort.

**Sjå kinnaspelet.no for fleire opplysningar om spelet, aktivitetane og øya Kinn.**

## KINNASPELET BLIR FRAMFØRT AV TEATER VESTLAND, MUSIKARAR OG CA. 160 LOKALE AMATØRAR OG KORISTAR

Teater Vestland er kunstnarleg ansvarleg.

**Tekst:** Rolf Losnegård.

**Musikk:** Per Janke Jørgensen

**Instruktørar:** Anethe Alfsvaag

**Musikalsk ansvarleg:** Harald Dahlstrøm

## SKODESPELARAR I HOVDROLLENE:

Carina Furseth – Borni / Sunniva

Idun Losnegård – Magrete prestefrille

Kyrre Eikås Ottersen – Prest

Peder Lauvås – Tarve/ vikingkongen Ramn

Harald Ottesen Nødtvedt – Dansk fut

## BÅT FRÅ BERGEN

Det blir sett opp båt frå Bergen til framsyning

laurdag. Avreise frå Strandkaiteminalen kl 08.00.


Stopp på Knarvik kl 08.30.

Pris (båt og teater) kr 1400,-, barn kr 600,-

Billett på [www.kinnaspelet.no](http://www.kinnaspelet.no)

## BILLETTAR

kjøper du på [www.kinnaspelet.no](http://www.kinnaspelet.no). Ein får også kjøpt teaterbillett på Kinn. Båtane begynner å gå kl. 09:00 kvar dag og går etterkvart som dei blir fylt opp. Møt opp i god tid, seinast to timar før framsyninga. Det blir lagt ut eit avgrensa tal billettar til kvar framsyning, og det er ikkje nummererte plassar.



PRISAR FRÅ FLORØ	Teater og båt
Vaksne	700 kr
Honnør	600 kr
Barn under 16 år:	100 kr

Grupper (min. 10 pers.): Ta kontakt med Kinnaspelet for rabatt



[www.kinnaspelet.no](http://www.kinnaspelet.no)

E-post: [kinnaspelet@gmail.com](mailto:kinnaspelet@gmail.com)



## HOVDSPONSORAR



FOTOGRAFAR: CECILIA MOLANDER OG ANDERS A. NYDAL.

GRAFISK PRODUKSJON: NATVIK, FLORØ